

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Postboks 7900

5020 BERGEN

Vår dato: 23.08.2018
Vår ref: 2016/644 - 18397/2018 / 140
Dykkar ref:

Kartlegging av universelt utforma tilgjenge

Dette brevet gjeld dykkar verksemd eller lokalitetar i Stord kommune.

Stord kommune har, i samarbeid med Statens kartverk, kartlagt status for universelt utforma tilgjenge utandørs i Leirvik sentrum og nærliggjande område. Det er i tillegg gjort kartlegging ved Stord vidaregåande skule, Stord sjukehus, Stord DPS/BUP, Høgskulen på Vestlandet og ved Statens vegvesen og politiet sitt felles bygg.

Kommunen har i samband med prosjektet kartlagt tilgjenge for gang- og sykkelveggar, fortau, overgangsfelt, parkeringsareal og HC-parkeringar, inngangsparti til offentlege og private verksemder og tilkomst til friluftsområde. Det er sett på tilhøva for tre ulike grupper – brukarar av manuelle rullestolar, brukarar av elektriske rullestolar og personar med nedsett syn. Krav i teknisk forskrift (TEK 17) ligg til grunn for vurderingane.

Målet med kartlegginga er å gje brukarar ei informasjonskjelde om tilgjenge i Leirvik sentrum, samstundes som den skal gje offentlege og private verksemder informasjon om status for universelt utforma tilgjenge. Stord kommune vil i tillegg nytta informasjonen i planarbeid.

Resultatet av kartlegginga er å finna på nettstaden *norgeskart.no*, under temakart «tilgjengelighet». Meir informasjon om prosjektet ligg ute på nettstaden *kartverket.no* under «Tilgjengelegheit og universell utforming».

Erfaringa frå arbeidet er at det er fleire problemstillingar som går att:

- Inngangsparti manglar tilgjenge for rullestolar, eller er utforma på ein måte som gjer dei lite praktiske i bruk
- Inngangsparti manglar kontrastfarge og leidelinjer som lettar tilgjenge for personar med nedsett syn
- HC-parkeringsplassar er utforma etter eldre reglar, og er for små etter gjeldande krav
- HC-parkeringsplassar er utforma på ein måte som gjer dei lite praktiske i bruk

Erfaring viser at ein ofte kan betra tilgjenget med små ressursar, som til dømes med ny oppmerking av parkeringsplassar, terskeleliminatorar eller påføring av kontrastfarge på eksisterande inngangsparti.

Dersom du har spørsmål om kartlegginga kan du kontakta underteikna. Informasjon og råd om universell utforming er samla på Barne- ungdoms- og familiedirektoratet si temaside *bufdir.no/uu*. Stord kommune, ved fagavdeling næring, miljø og kultur, kan kontaktast for råd ved konkrete problemstillingar.

Med helsing

Andreas Moe Larsen
kommuneplanleggjar

Tove Vikanes Agdestein
folkehelsekoordinator

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Likelydande brev sendt til:
BARNE-UNGDOMS- OG FAMILIEDIREKTORATET
HAUGALANDET OG SUNNHORDLAND JORDSKIFTERETT
HELSE FONNA HF
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
HORDALAND FYLKESKOMMUNE - SKYSS
HØGSKULEN PÅ VESTLANDET
JAN TERJE JOHANNESSEN
KATRIN AASE FYSIOTERAPI
LANDSBYLEGANE STORD AS
LEIRVIK LEGEKONTOR AS
NEMUS STORD - BØMLO AS
STATENS VEGVESEN
STATSBYGG
STORD FYSIOTERAPI ANS
STORD KOMMUNALE EIGEDOMSSELSKAP AS
STORD SOKN
SUNNHORDLAND MUSEUM
SUNNHORDLAND TINGRETT
SUNNHORDLAND ØRE-NESE-HALS SENTER A K SØREIDE
SUNNHORDLAND INTERKOMMUNALE LEGEVAKT IKS
SØR-VEST POLITIDISTRIKT
TANNLEGE ØEN AS
ØYO LEGEKONTOR AS

Kopi til:
Aktivitet og re/habilitering
Sjukeheim og omsorgssenter
Førebyggjande tenester
Psykisk helse og rus
Sunnhordland interkommunale barnevern
Heimebaserte tenester
NAV kommune
Kulturtenester
Kulturskulen
Stord kommunale eigedom
Stord kommunalteknikk
Hamn
Leirvik skule
Hystad skule
Rommetveit skule
Nordbygdo ungdomsskule

